



Vekselbanken

Ein god medspelar



DELÅRSRAPPORT 4. kvartal 2025

Voss, 10. februar 2026
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2025

GENERELT

Rekneskapen er utarbeidd etter IFRS (International Financial Reporting Standards).

Banken har utarbeida konsernrekneskap og konsolidert inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eigd 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før tap for utgangen av 4. kvartal på 116,6 mill. kr. Dette er ein reduksjon på 3,5 mill. kr i høve til same periode i 2024. Resultat av ordinær drift før skatt er 115,9 mill. kr mot 118,0 mill. kr i 2024. Resultat etter skatt er 89,3 mill. kr mot 90,8 mill. kr i 2024.

Totalresultat pr. utgangen av 4. kvartal 2025 er 106,2 mill. kr mot 87,7 mill. kr for same periode i fjor.

Banken har ei solid basisdrift. Eigenkapitalavkastninga etter skatt og med eigenkapitalen justert for hybridkapital er 11,1 % pr. utgangen av 4. kvartal i år mot 12,3 % for tilsvarande periode i fjor. Det er ei tilfredsstillande utvikling med god utlånsvekst, auke i netto andre driftsinntekter og låge tap, men det er lågare rentemargin, høgare kostnader knytt til IKT-investeringar og planlagd auka satsing med fleire tilsette.

RENTENETTO

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter ved utgangen av 4. kvartal er bokført til 137,9 mill. kr. Dette er ein liten nedgang på 0,8 mill. kr frå same periode i 2024. Det er ein god volumvekst, men ein reduksjon i rentemarginen. Rentemarginen, definert som netto renteinntekter i prosent av rådveldekapital, er ved utgangen av 4. kvartal 2,06 % (2,18 %).

ANDRE DRIFTSINNTEKTER

Ved utgangen av 4. kvartal bokfører banken akkumulert netto andre driftsinntekter på 59,7 mill. kr. Dette er ein auke på 6,6 mill. kr samanlikna med same periode i fjor. Netto provisjonsinntekter aukar med 1,4 mill. kr i høve til 2024. Utbytte aukar med 0,6 mill. kr, og netto verdiendring på finansielle instrument aukar med 1,6 mill. kr. Andre inntekter aukar med 3,1 mill. kr.

DRIFTSKOSTNADER

Banken sine driftskostnader er ved utgangen av 4. kvartal bokført til 81,0 mill. kr mot 71,7 mill. kr i fjor. Løn og andre personalkostnader har auka med 5,3 mill. kr i høve til 2024, medan andre driftskostnader aukar med 3,4 mill. kr. Avskrivingane aukar med 0,6 mill. kr.

Banken har styrka bemanninga i 2025, og dette grunna god vekst og tilfang av nye kundar. Aktiv Voss AS har også auka bemanninga i 2025.

TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

Ved utgangen av 4. kvartal har banken netto utgiftsført tap og nedskrivingar på utlån med 0,6 mill. kr mot ei utgiftsføring på 2,0 mill. kr i fjor. For nærare spesifikasjon, sjå note 2 og 3.

Banken har vidareført dei ekstraordinære bransjevisse nedskrivingane knytt til auka usikkerheit med kraftig inflasjons- og renteauke og auka makroøkonomisk usikkerheit på 8,5 mill. kr. i 4. kvartal 2025. Dette er uendra frå 3. kvartal 2025.

RÅDVELDEKAPITAL

Banken sin samla forretningskapital inklusive lån overført til Eika Boligkreditt er ved utgangen av 4. kvartal er 8.040 mill. kr. Dette er ein auke på 724 mill. kr (+9,9 %) siste året. Rådveldekapitalen på eiga bok er 7.027 mill. kr. ved utgangen av 4. kvartal.

INNSKOT

Innskot frå kundar er ved utgangen av 4. kvartal på 5.049 mill. kr. Dette er ein auke på 405 mill. kr (+8,7 %) siste 12 månader. Innskotsdekninga ved utgangen av 4. kvartal er 82,3 %, og 82,3 % i same periode ifjor. Innskota isolert for 4. kvartal har auka med 112 mill. kr.

UTLÅN

Banken har ved utgangen av 4. kvartal i år hatt ein auke i utlåna siste året, inklusive lån i Eika Boligkreditt (EBK), på 682 mill. kr (+10,5 %). Utlånsauken til privatkundar er 726 mill. kr (+13,5 %), medan det er ein reduksjon i utlån til næringskundar på 45 mill. kr (-4,1 %). Brutto utlån inklusive lån til EBK er ved utgangen av 4. kvartal 7.153 mill. kr (6.471 i 4. kvartal 2024).

Brutto utlån til kundar eksklusive lån overført til EBK er 6.137 mill. kr mot 5.646 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2024. Av samla utlån er 1.047 mill. kr (17,1 %) utlån til næringsverksemd og 5.090 mill. kr (82,9 %) til personmarknaden. Lån til personmarknaden som er overført til EBK utgjør ved utgangen av 4. kvartal 1.016 mill. kr. Det gjev ein overføringsgrad av PM-lån til EBK på 16,6 % mot 15,3 % i 2024. Den låge overføringsgraden gjev banken eit godt potensiale til vidare vekst og tilgang til likviditet gjennom auka bruk av EBK.

LIKVIDITET

Likviditeten i kvartalet har vore god gjennom stabile innskot, moglegheit for bruk av Eika Boligkreditt, og også tilgang til finansiering i obligasjonsmarknaden. Banken har pr. 4. kvartal uteståande obligasjonsgjeld på 1.006 mill. kr mot 934 mill. kr ved utgangen av 4. kvartal 2024. Sjå note 8 for nærare detaljar. Ved utgangen av 4. kvartal rapporterer banken godt over minstekrava for likviditetsindikatorane med LCR 291 % og NSFR 137 %.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

CRR3 vart innført frå 1. april 2025, og med dette meir risikosensitive risikovekter for standardmetode-bankar. Dette har gjeve positiv effekt på banken si kapitaldekning.

Banken har ein kapitaldekningsprosent på 27,10 % ved utgangen av 4. kvartal mot 23,72 % på tilsvarende tidspunkt i fjor. Netto ansvarleg kapital i banken er 856,5 mill. kr, mot 801,3 mill. kr same periode i fjor.

Kjernekapitalen til banken er 776,5 mill. kr, medan banken sin reine kjernekapital er 726,5 mill. kr ved kvartalsskiftet. Dette gjev ei kjernekapitaldekning på 24,57 % (21,35 % i 4. kv. 2024) og ei rein kjernekapitaldekning på 22,99 % (19,87 % i 4. kv. 2024) av berekningsgrunnlaget. Uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 10,55 % ved utgangen av 4. kvartal 2025 mot 10,70 % på tilsvarende tidspunkt i fjor.

I vedtak frå Finanstilsynet datert 9.10.2025 har banken eit pilar 2-krav på 1,8 % gjeldande frå 31.10.2025. Vidare har Finanstilsynet fastsett ein kapitalkravsmargin på 1,0 % frå same dato.

Banken rapporterer konsolidert kapitaldekning der ein tek omsyn til banken sine eigarandelar i Eika Gruppen AS, Eika Boligkreditt AS og Kredittbanken ASA. Banken si konsoliderte kapitaldekning er 25,49 % ved utgangen av 4. kvartal, medan konsolidert kjernekapitaldekning og rein kjernekapitaldekning er på høvesvis 22,92 % og 21,30 %. Konsolidert uvekta kjernekapitalandel (Leverage Ratio) er 9,40 %.

FRAMLEGG TIL UTBYTTE

Vekselbanken har som målsetjing å oppnå økonomiske resultat som gjev ei god og stabil avkastning på banken sin eigenkapital. Resultata skal sikre aksjonærane konkurransedyktig langsiktig avkastning i form av utbytte og verdistigning på eigenkapitalen.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala kr 18,75 i utbytte pr. aksje for 2025, samanlikna med kr 16,50 for 2024. Utbyttet på kr 18,75 i år gjev eit utdelingsforhold av morbankresultatet sett mot årsresultatet på 49,9 %. Det gjev ei direkte avkastning på 4,6 % rekna mot børskurs 31.12.2025 på kr 404,00. Føreslege utbytte er i samsvar med guidinga som er eit utdelingsforhold mellom 40 % – 50 % av årsresultatet dersom ikkje soliditeten tilseier noko anna.

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

UTSIKTENE FOR 2026

Styret meiner at banken med si solide basisdrift og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken har klart å styrke kjernedrifta dei siste åra gjennom bevisst satsing på kvalitetsmessig vekst, vekst i andre inntekter og kostnadsreduksjonar. Utvida satsing på sal av forsikrings- og spareprodukt styrker banken sitt inntektsgrunnlag.

Den vedvarande krigen i Ukraina, uro kring toll og andre utspel frå presidenten i USA kombinert med høg inflasjon dei siste åra har ført til auka usikkerheit. Inflasjonen er på veg ned, men framleis over målet til Noregs Bank. Usikkerheit og høgt rentenivå dei siste åra har bremsa aktiviteten i mange bransjar. Banken har teke omsyn til dette i vurderingane av nedskrivingane på utlån. Vurderingane er gjort i samsvar med krava under IFRS 9.

Banken har dei siste åra hatt ein konservativ risikoprofil når det gjeld forvaltningsmandat i sine verdipapirplasseringar, og dette har sikra banken låg risiko for tap i portefølja.

FRÅSEGN FRÅ STYRE OG BANKSJEF I SAMSVAR MED VERDIPAPIRHANDELLOVA

Me stadfester etter beste overtyding at rekneskapen for 4. kvartal 2025 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov og IFRS, og at rekneskapsopplysningane samla sett gjev eit rettvisande bilete av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, og at delårsrapporten gjev eit rettvisande oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærståande vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.


Kontaktpersonar: Administrerande banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

Voss, 10. februar 2026

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekvål
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar


Gunvall Medhus


Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun

Tilsette sin repr.

A handwritten signature in black ink, reading "Stig Gunnar Røthe". The signature is written in a cursive style with a large, stylized 'S' and 'R'.

Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

RESULTAT - KONSERN

Resultat		4. kvartal isolert				Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	2025	2024	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2024
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		88.380	88.899	354.444	348.314	348.314
Rentekostnader og liknande kostnader		53.086	52.182	216.581	209.606	209.606
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		35.294	36.717	137.862	138.708	138.708
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		6.183	7.301	22.350	20.833	20.833
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		841	1.642	3.383	3.263	3.263
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		1.286	599	5.401	4.768	4.768
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	7	5.495	4.179	25.312	23.756	23.756
Andre driftsinntekter		3.119	2.012	9.996	6.933	6.933
Netto andre driftsinntekter		15.242	12.448	59.675	53.026	53.026
Løn og andre personalkostnader		11.443	10.513	40.920	35.578	35.578
Andre driftskostnader		9.389	9.872	38.198	34.830	34.830
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle egenlutar		549	357	1.849	1.274	1.274
Sum driftskostnader		21.381	20.741	80.967	71.682	71.681
Resultat før tap		29.155	28.424	116.571	120.052	120.053
Kredittap på utlån, unytta kredittar og garantiar	5	1.249	2.095	649	2.016	2.016
Resultat før skatt		27.906	26.329	115.921	118.036	118.036
Skattekostnad		4.609	4.313	26.613	27.251	27.251
Resultat av ordinær drift etter skatt		23.297	22.015	89.308	90.785	90.785
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi	7	6.775	751	16.777	-3.154	-3.154
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		6.775	751	16.777	-3.154	-3.154
Verdiendring utlån til virkelig verdi		95	44	144	44	44
Verdiendring rentebærende verdipapirer til virkelig verdi					0	0
Skatt		-24	-11	-36	-11	-11
Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet		71	33	108	33	33
Totalresultat		30.143	22.799	106.193	87.664	87.664
Resultat per aksje		9,96	9,38	38,20	38,91	38,91
<i>Resultat etter skatt</i>						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		21.946	20.682	84.190	85.749	85.749
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.089	1.152	4.450	4.568	4.568
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		260	180	668	468	468
<i>Totalresultat</i>						
Aksjeeigarane sin andel av resultatet		28.791	21.466	101.074	82.628	82.628
Hybridkapitaleigarane sin andel av resultatet		1.089	1.152	4.450	4.568	4.568
Ikkje kontrollerande eigarinteresser sin andel av resultatet		260	180	668	468	468

RESULTAT - MORBANK

Resultat		4. kvartal isolert				Året
Ordinært resultat - Tal i tusen kroner	Note	2025	2024	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2024
Renteinntekter fra egenlutar vurdert til amortisert kost		88.384	88.905	354.463	348.335	348.335
Rentekostnader og liknande kostnader		53.087	52.179	216.594	209.612	209.612
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		35.297	36.726	137.869	138.723	138.723
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester		6.183	7.301	22.350	20.833	20.833
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		841	1.642	3.383	3.263	3.263
Utbytte og andre inntekter av egenkapitalinstrument		1.286	599	5.401	4.895	4.895
Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og finansielle instrument	7	5.495	4.179	25.312	23.756	23.756
Andre driftsinntekter		10	36	10	36	36
Netto andre driftsinntekter		12.133	10.472	49.689	46.257	46.257
Løn og andre personalkostnader		10.274	9.805	37.239	33.056	33.056
Andre driftskostnader		8.181	9.111	33.838	31.764	31.764
Avskrivninger og nedskrivninger på varige og immaterielle egenlutar		502	330	1.660	1.206	1.206
Sum driftskostnader		18.957	19.247	72.737	66.027	66.027
Resultat før tap		28.473	27.951	114.822	118.953	118.953
Kredittap på utlån, unytta kredittar og garantiar	5	1.249	2.095	649	2.016	2.016
Resultat før skatt		27.223	25.856	114.173	116.936	116.936
Skattekostnad		4.459	4.209	26.228	26.979	26.979
Resultat av ordinær drift etter skatt		22.765	21.646	87.944	89.957	89.957
<i>Andre inntekter og kostnader - Tal i tusen kroner</i>						
Verdiendring egenkapitalinstrument til verkeleg verdi	7	6.775	751	16.777	-3.154	-3.154
Sum postar som ikkje vil bli klassisifert over resultatet		6.775	751	16.777	-3.154	-3.154
Verdiendring utlån til virkelig verdi		95	44	144	44	44
Skatt		-24	-11	-36	-11	-11
Sum postar som vil bli klassisifert over resultatet		71	33	108	33	33
Totalresultat		29.610	22.430	104.829	86.836	86.836
Resultat per aksje		9,84	9,30	37,89	38,75	38,75

Balanse - Eigenlutar - Konsern

<i>Tal i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2024
Kontantar og kontantekvivalentar		82.563	81.045	81.045
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		212.461	164.030	164.030
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	4, 5	4.534.140	4.135.450	4.135.450
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	4, 5	1.576.145	1.481.912	1.481.912
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	7	589.697	605.222	605.222
Eierinteresser i tilknyttede selskaper og felleskontrollerte foretak		0	0	0
Eigarinteresser i konsernselskap		0	0	0
Immaterielle eiendeler		0	0	0
Varige driftsmidler		24.353	19.476	19.476
Andre eigenlutar		7.753	5.738	5.738
Sum eigenlutar		7.027.111	6.492.873	6.492.873

Balanse - Gjeld og eigenkapital - Konsern

<i>Tal i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2024
Innskot frå kundar		5.049.265	4.643.799	4.643.799
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	8	1.005.793	934.110	934.110
Anna gjeld		18.211	28.716	28.716
Forpliktingar ved skatt		30.813	28.833	28.833
Andre avsetningar		690	414	414
Ansvarleg lånekapital	8	80.559	80.603	80.603
Sum gjeld		6.185.331	5.716.475	5.716.475
Innskoten eigenkapital	10	58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		732.148	667.435	667.435
Ikkje kontrollerte eigarinteresser		1.430	760	760
Fondsobligasjonskapital		50.188	50.187	50.187
Resultat i perioden etter skatt		0	0	0
Sum eigenkapital	9	841.780	776.398	776.398
Sum gjeld og eigenkapital		7.027.111	6.492.873	6.492.873

Balanse - Eigenlutar - Morbank

<i>Tal i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2024
Kontantar og kontantekvivalentar		82.563	81.045	81.045
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar		212.461	164.030	164.030
Utlån til og fordringar på kundar til verkeleg verdi	4, 5	4.534.140	4.135.450	4.135.450
Utlån til og fordringar på kundar til amortisert kost	4, 5	1.576.145	1.481.912	1.481.912
Aksjar, andelar og andre eigenkapitalinstrument	7	589.697	605.222	605.222
Eigarinteresser i konsernselskap		153	153	153
Varige driftsmidler		23.476	18.648	18.648
Andre eigenlutar		5.713	4.304	4.304
Sum eigenlutar		7.024.348	6.490.764	6.490.764

Balanse - Gjeld og eigenkapital- Morbank

<i>Tal i tusen kroner</i>	<i>Note</i>	31.12.2025	31.12.2024	31.12.2024
Innskot frå kundar		5.050.920	4.644.231	4.644.231
Gjeld stifta ved utferding av verdipapir	8	1.005.793	934.110	934.110
Anna gjeld		16.968	27.870	27.870
Forpliktingar ved skatt		30.411	28.540	28.540
Andre avsetningar		682	414	414
Ansvarleg lånekapital	8	80.559	80.603	80.603
Sum gjeld		6.185.333	5.715.767	5.715.767
Innskoten eigenkapital	10	58.014	58.014	58.014
Opptent eigenkapital		730.813	666.796	666.796
Fondsobligasjonskapital		50.188	50.187	50.187
Resultat i perioden etter skatt		0	0	0
Sum eigenkapital	9	839.015	774.997	774.997
Sum gjeld og eigenkapital		7.024.348	6.490.764	6.490.764

Voss, 10. februar 2026

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA


Stein Kvarekval
Styreleiar


Marita Østrem
Nestleiar

 
Gunvill Medhus Hege Solbakken


Solfrid Dagestad Midttun
Tilsette sin repr.


Stig Gunnar Røthe
Adm. banksjef

EIGENKAPITALOPPSTILLING - KONSERN

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital				Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjons- kapital	Ikkje-kontrollerande eigarinteresser	Fond for urealiserte vinstar	Annen opptent egenkapital	
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	761	37.296	630.138	776.398
Resultat av ordinær drift etter skatt				4.450	668	-512	84.702	89.308
Vinst sal egenkapitalinstrument							3.075	3.075
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat						5.177	8.524	13.701
Verdiendring på finansielle egenlutar til annan egenkapital						-718	718	0
Verdiendring utlån til virkelig verdi						144		144
Skatt på verdiendring utlån						-36		-36
Totalresultat 31.12.2025	0	0	0	4.450	668	4.055	97.020	106.193
Utbetalt utbytte							-36.361	-36.361
Utbetalte renter fondsobligasjon				-4.449				-4.449
Eigenkapital 31.12.2025	11.103	-84	46.995	50.188	1.430	41.351	690.797	841.780
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	415	39.402	576.476	724.519
Resultat etter skatt				4.568	468	-512	86.261	90.785
Vinst sal egenkapitalinstrument							118	118
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat						-3.272		-3.272
Verdiendring på finansielle egenlutar til annan egenkapital						1.645	-1.645	0
Verdiendring utlån til virkelig verdi						44		44
Skatt på verdiendring utlån						-11		-11
Totalresultat 31.12.2024	0	0	0	4.568	468	-2.106	84.734	87.664
Utbetalt utbytte					-123		-31.072	-31.195
Utbetalte renter fondsobligasjon				-4.591				-4.591
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	760	37.296	630.138	776.398

EIGENKAPITALOPPSTILLING - MORBANK

Tal i tusen kroner	Innskoten egenkapital			Opptent egenkapital				Sum egenkapital
	Aksjar	Eigne aksjar	Overkurs	Fondsobligasjons- kapital	Fond for urealiserte vinstar	Annen opptent egenkapital		
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	37.296	629.500		774.997
Resultat etter skatt				4.450	-512	84.006		87.944
Vinst sal egenkapitalinstrument						3.075		3.075
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					5.177	8.524		13.701
Verdiendring på finansielle egenlutar til annan egenkapital					-718	718		0
Verdiendring utlån til virkelig verdi					144			144
Skatt på verdiendring utlån					-36			-36
Totalresultat 31.12.2025	0	0	0	4.450	4.055	96.323		104.829
Utbetalt utbytte						-36.361		-36.361
Utbetalte renter fondsobligasjon				-4.449				-4.449
Eigenkapital 31.12.2025	11.103	-84	46.995	50.188	41.351	689.462		839.015
Eigenkapital 31.12.2023	11.103	-84	46.995	50.210	39.402	576.198		723.824
Resultat etter skatt				4.569	1.133	84.256		89.958
Vinst sal egenkapitalinstrument						118		118
Verdiendring på finansielle egenlutar over utvida resultat					-3.272			-3.272
Verdiendring utlån til virkelig verdi					44			44
Skatt på verdiendring utlån					-11			-11
Totalresultat 31.12.2024	0	0	0	4.569	-2.106	84.374		86.839
Utbetalt utbytte						-31.072		-31.072
Utbetalte renter fondsobligasjon				-4.592				-4.592
Eigenkapital 31.12.2024	11.103	-84	46.995	50.187	37.296	629.500		774.997

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	Morbank		Konsern	
Tal i tusen kroner	4. kvartal 2025	4. kvartal 2024	4. kvartal 2025	4. kvartal 2024
Kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter				
Netto utbetaling av lån til kunder	-492.299	-302.258	-492.299	-302.258
Renteinnbetalinger på utlån til kunder	343.978	338.428	343.978	338.428
Netto inn-/utbetaling av innskot frå kunder	406.688	253.202	406.688	253.202
Renteutbetalinger på innskot frå kunder	-155.884	-144.949	-155.884	-144.949
Netto inn-/utbetalinger av lån frå kredittinstitusjonar	10.716	11.405	10.716	11.405
Netto provisjonsinnbetalinger	18.967	17.570	18.967	17.570
Utbetalinger til drift	-87.677	-61.506	-87.677	-61.506
Betalt skatt	-24.392	-19.427	-24.392	-19.427
A Netto kontantstrøm fra operasjonelle aktiviteter	20.097	92.463	20.097	92.463
Kontantstrøm fra investeringsaktiviteter				
Netto investering i varige driftsmidler	-6.487	-3.254	-6.487	-3.254
Netto investering i langsiktige verdipapir	57.397	71	57.397	71
Utbytte frå langsiktige investeringar i aksjar	5.401	4.895	5.401	4.895
B Netto kontantstrøm fra investeringsaktivitet	56.311	1.712	56.311	1.712
Kontantstrøm fra finansieringsaktiviteter				
Innbetaling ved utferding av verdipapirgjeld	500.000	200.000	500.000	200.000
Utbetaling ved forfall verdipapirgjeld	-430.000	-315.000	-430.000	-315.000
Renteutbetaling på gjeld stifta ved utferding av verdipapir	-50.287	-57.647	-50.287	-57.647
Innbetaling ved utferding av ansvarlege lån	0	80.000	0	80.000
Utbetaling ved forfall ansvarlege lån	0	-60.000	0	-60.000
Renteutbetaling på ansvarlege lån	-5.362	-3.859	-5.362	-3.859
Renteutbetaling på fondsobligasjon	-4.449	-4.592	-4.449	-4.592
Aksjeutbytte	-36.361	-31.072	-36.361	-31.072
C Netto kontantstrøm fra finansieringsaktivitet	-26.459	-192.170	-26.459	-192.170
A + B + C Netto endring likvidar i perioden	49.949	-97.995	49.949	-97.995
Likviditetsbeholdning 1.1	245.074	343.070	245.074	343.070
Likviditetsbeholdning 31.12	295.024	245.074	295.024	245.074
Likviditetsbeholdning spesifisert:				
Kontantar og fordringar på Sentralbanken	82.563	81.045	82.563	81.045
Fordringar på kredittinstitusjonar	212.461	164.030	212.461	164.030
Likviditetsbeholdning	295.024	245.074	295.024	245.074

NOTE 1 - Generell informasjon

Banken konsoliderer inn Aktiv Voss AS, org. nr. 929656075. Aktiv Voss AS er eid 51 % av banken og 49 % av tilsett i selskapet gjennom Fjose Invest AS.

Den vedvarande krigen i Ukraina og uro kring toll fører til framleis usikkerheit, og inflasjonen er framleis på over Noregs Bank sitt mål. Dette fører til auka usikkerheit i økonomien, sjølv om me merkar lite til dette lokalt.

Banken med si fordeling 83 % PM og 17 % BM, med ei godt diversifisert BM-portefølje og ein solid kapitalsituasjon har gode føresetnader til å stå imot auka usikkerheit og å kunne vekse vidare.

NOTE 2 - Rekneskapsprinsipp og -estimat

Rekneskapsprinsipp

Kvartalsrekneskapen omfattar perioden 01.01.2025 - 31.12.2025. Kvartalsrekneskapen er utarbeida i samsvar med IFRS-delårsrapportering.

Delårsrekneskapane er ureviderte. Føreliggjande kvartalsrekneskap er utarbeida i samsvar med gjeldande standardar under IFRS og IFRIC-fortolkningar. Kvartalsrekneskapen omfattar ikkje all informasjon som vert kravd i eit fullstendig årsrekneskap, og bør lesast i samanheng med årsrekneskapen for 2024.

Viktige rekneskapsestimat og skjønnsmessige vurderingar

Utarbeiding av rekneskapen medfører at leiinga gjer estimat og skjønnsmessige vurderingar og tek føresetnader som påverkar ef av bruken av rekneskapsprinsipp og dermed rekneskapsførte beløp for eignelutar, forpliktingar, inntekter og kostnader. I årsreknekapen for 2024 er det gjort nærare greie for kritiske estimat og vurderingar vedrørande bruk av rekneskapsprinsipp. Estimater og skjønnsmessige vurderingar vert løpande evaluerte, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert sett på som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt uvisse til føresetnader og forventningar som ligg til grunn for estimata og dei skjønnsmessige vurderingane som er nytta.

Alle tal er i heile tusen om ikkje anna er oppgjeve. Funksjonell valuta og presentasjonsvaluta er NOK.

Nedskrivingar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetja verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane. Nedskrivingsvurderingar vert gjennomførte kvart kvartal.

Nedskrivingar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivingar (IFRS 9-nedskrivingar) på utlån og garantiar. Nedskriving vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering samt tapserfaring for dei respektive kundegrupper. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt. Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnader, herunder sannsyn for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i årsrapport for 2024 for ei skildring av nedskrivningsmodellen under IFRS 9, samt omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2.

Uvisse knytt til estimata fører til at det har vore nausynt å nytta meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivningane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for situasjonen som har oppstått, med svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med det som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivningsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kredittportefølja, på grunnlag av kor utsette dei ulike segmenta og bransjane er innafor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innafor ulike segment og bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Justeringsfaktoren vert multiplisert med banken si eksponering innan ulike segment og bransjar. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane. Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er redusert med 0,8 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret. Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er auka med 0,6 mill. kr samanlikna med utgangen av fjoråret. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 5.

Verkeleg verdi for finansielle instrument

For verdsetjinga av eigenkapitalinstrument i nivå 3 (sjå note 7).

NOTE 3 - Kredittforringa engasjement

Misleghold over 90 dagar	4. kvartal 2025	4. kvartal 2024	Året 2024
Brutto misleghelde engasjement - personmarknaden	5.077	6.411	6.411
Brutto misleghelde engasjement - bedriftsmarknaden	7.296	10	10
Nedskrivningar i steg 3	-1.611	-899	-899
Netto misleghelde engasjement	10.761	5.522	5.522
Andre kredittforringa	4. kvartal 2025	4. kvartal 2024	Året 2024
Brutto andre kredittforringa engasjement - personmarknaden	32.272	29.367	29.367
Brutto andre kredittforringa engasjement - bedriftsmarknaden	25.778	27.097	27.097
Nedskrivningar i steg 3	-11.857	-14.164	-14.164
Netto andre kredittforringa engasjement	46.194	42.300	42.300

NOTE 4 - Fordeling utlån kunders

Utlån til kunder fordelt på sektorer og næring	4. kvartal 2025	4. kvartal 2024	Året 2024
Primærnæringer	55.366	48.492	48.492
Industri og bergverk	34.582	35.730	35.730
Kraftforsyning	3.016	3.731	3.731
Bygg og anleggsverksemd	120.824	80.341	80.341
Varehandel	55.212	94.018	94.018
Transport	14.903	19.586	19.586
Overnattings- og serveringsverksemd	41.387	47.973	47.973
Informasjon og kommunikasjon	2	1	1
Omsetning og drift av fast eieendom	531.747	520.672	520.672
Tenesteytende verksemd	189.687	240.762	240.762
Sum næring	1.046.726	1.091.306	1.091.306
Personkunder	5.090.075	4.554.380	4.554.380
Brutto utlån	6.136.801	5.645.686	5.645.686
Steg 1 nedskrivningar	-5.057	-4.535	-4.535
Steg 2 nedskrivningar	-7.991	-8.732	-8.732
Steg 3 nedskrivningar	-13.468	-15.058	-15.058
Netto utlån til kunder	6.110.285	5.617.361	5.617.361
Utlån formidla via Eika Boligkreditt (EBK)	1.015.727	825.210	825.210
Totale utlån inkl. portefølja i EBK	7.126.012	6.442.572	6.442.572

NOTE 5 - Nedskrivningar og tap - morbank

